



leiftoreekse@yahoo.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/1 - 23/586

Saksbehandlar:

Tonje Husum Aarland

tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:

23.02.2023

## Svarbrev - Innsyn i kommunen sitt avvikssystem

Viser til ditt brev datert 18.02.2023 der du ber om innsyn i kommunen sitt avvikssystem og verktøy for ROS, samt spørsmål om internkontroll og di oppleving av bruk av bassenget søndag 18.02.2023.

For offentlig forvaltning er det mellom anna kommunelova og forvaltningslova som regulerer oppfølging av HMS og krav til internkontroll, samt ein del aktuelle lovar og forskrifter knytt til dei ulike fag- og tenesteområda i kommunen. Etter kommunelova § 25-1 er kommunar forplikta til å ha internkontroll og rådmann er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast kommunen sin størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Modalen kommune har systematisk oppfølging av internkontroll gjennom kvalitetsstyringssystem og fagsystem. Mellom anna nyttar kommunen eit digitalt kvalitetsstyringssystem levert av Netpower; eit system som omfattar heile den kommunale verksemda og inneheldt mellom anna modul for avvikssystem, dokumenthandsaming og ROS-analyser. Dette systemet er ein viktig del av internkontrollen og nyttast i utvikling og tilgjengeleggjering av retningslinjer, rutinar, prosedyrar og avvikshandtering i den daglege drifta til Modalen kommune. I tillegg har kommunen ulike fag- og sakshandsamingssystem der internkontroll er ein innarbeida del av dei digitale systema. Modalen kommune jobbar kontinuerleg med utvikling og opplæring i dei ulike systema, og vurderer fortløpande tiltak knytt til internkontroll i tenesteområda. Det er berre tilsette og tilsynsmynde som har adgang til å ha tilgangar til systema våre, og rapportering om internkontroll og resultat frå statlege tilsyn vert gjeven til kommunestyret, jf. kommunelova § 25-2.

Når det gjeldt opplevinga di knytt til bruk av bassenget i Bryggjeslottet 18.02.2023, tek vi tilbakemeldinga di til orientering og følgjer denne opp vidare internt og undersøker med dei aktuelle tilsette.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Mottakere:**  
leiftoreekse@yahoo.no